

## Forord til NIK 2016 og UDIT 2016

Lars Michael Kristensen<sup>2</sup>, Birgit R. Krogstie<sup>1</sup>, Volker Stolz<sup>2</sup>

1: Institutt for informatikk og e-læring,

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Norge

2: Institutt for data- og realfag, Høgskolen i Bergen, Norge

Norsk Informatikkonferanse (NIK) har vore eit årleg arrangement sidan 1988. Den 29. utgåva av NIK blir arrangert på Campus Kronstad av Institutt for data- og realfag på Høgskolen i Bergen som del av Norsk IKT konferanse for forskning og utdanning. NIK er ein brei nasjonal konferanse for formidling av forskning og avansert utviklingsarbeid innan informatikk. Konferansen inviterer til å sende inn artiklar innan ulike sjangrar og tema relatert til teoretisk og anvendt informatikk. NIK har rom for tverrfagleg og mangfold i forhold til metodiske tilnærmingar og bruksområde.

Denne utgåva av skriftserien *Norsk Informatikkonferanse* inneheld to seksjonar. Den første samlar alle bidraga som vart presentert på NIK 2016. Den andre er dedikert til eit eige spor for *Utdanning og Didaktikk i IT-faga* (UDIT), som vert arrangert for andre gong i år, i samarbeid med NOKOBIT. UDIT har hatt sin eigen programkomité, bidraga vert fordelt på NIK og NOKOBIT sine skriftseriar. Som tidlegare er *Norsk Informatikkonferanse* godkjend som publiseringskanal på nivå 1 i det norske systemet for dokumentasjon av vitenskapleg publisering. Serien vert for tida offentleggjort gjennom *Open Journal Systems* hjå Bibsys.

NIK fekk 24 innsendte bidrag og aksepterte 15. Programkomitéen har hatt følgjande medlemmer:

Lars Ailo Bongo	Universitetet i Tromsø
Siri Fagernes	Høgskolen i Oslo og Akershus
Tor-Morten Grønli	Westerdals Oslo ACT
Lars Michael Kristensen	Høgskolen i Bergen (programkomitéleder)
Hein Meling	Universitetet i Stavanger
Tom Heine Nätt	Høgskolen i Østfold
Vladimir Oleshchuk	Universitetet i Agder
Heri Ramampiaro	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Hans-Georg Schaathun	Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Ingrid Chieh Yu	Universitetet i Oslo
Volker Stolz	Høgskolen i Bergen (programkomitéleder)

I tillegg har vi fått hjelp av følgjande uavhengige fagfellar som har vurdert innsendte bidrag: John Markus Bjørndalen, Rabbi Fazle, Bjørn Fjukstad, Morten Grønnesby, Ilona Heldal, Jan Høiberg, Einar Holsbø, Jingyue Li, Jia-Chun Lin, Fernando Macias, Lars Vidar Magnusson, Jacopo Mauro, Espen Nilsen, Adrian Rutle, Martin Steffen, Børre Stenseth, Evgenij Thorstensen, Lars Tveito, Andreas Urke, Rui Wang, og Lilja Øvrelid.

Meir informasjon om NIK og NIK-stiftelsen finn ein på <http://www.nik.no/>.

Bidrag til NIK på områda didaktikk og utdanning er for andre året på rad samla i eit eige programspor: UDIT (Norsk Konferanse for Utdanning og Didaktikk i IT-faga). Målet for UDIT er å vere ein årleg møteplass for diskusjon og deling av erfaring knytta til undervisning i IT-fag og tilliggande fag og ein kanal for teljande publisering av arbeid på desse felta. UDIT skal vere open for bidrag som er praktisk retta, og skal ha same krava til akademisk nivå som NIK/NOKOBIT. UDIT kan såleis oppmuntre fagfolk i IT og IT-utdanning til systematisk arbeid med forskning på, og forbetring av, undervisningsopplegg, til dømes gjennom utprøving av ulike undervisningsformer. Undervisningsformer er i år temaet for ein paneldebatt i regi av UDIT under NIKT.

Programkomitéen for UDIT 2016 har stått for fagfellevurderinga av innsendte arbeid til UDIT. komitéen har vore samensett av:

Edgar Bostrøm	Høgskolen i Østfold
Tor-Morten Grønli	Westerdals Oslo ACT
Hallstein Hegerholm	NORD Universitet
Erik Hjelmås	NTNU, Gjøvik
Rune Hjelsvold	NTNU, Gjøvik
Sven-Olai Høyland	Høgskolen i Bergen
Anniken Karlsen	NTNU, Ålesund
Birgit Rognebakke Krogstie	NTNU, Trondheim (programkomitéleder)
Jens Kaasbøll	Universitetet i Oslo
Robin Munkvold	NORD Universitet
Guttorm Sindre	NTNU, Trondheim
Arne Gerhard Styve	NTNU, Ålesund
Erlend Tøssebro	Universitetet i Stavanger
Anette Wrålsen	NTNU, Trondheim

Takk til programkomitéane og til alle som har sendt inn bidrag til NIK og UDIT. På vegne av programkomitéane for NIK og UDIT 2016,

*Volker Stolz, Lars Michael Kristensen og Birgit Rognebakke Krogstie*

Bergen / Trondheim, november 2016.